

ALVER KOMMUNE

Kvernhusmyrane 41  
5906 FREKHAUG

*nb*

17.11.2020

**Søknad om dispensasjon for å få dele frå tilleggsareal frå Gnr. 207 Brn 1 til gnr.207 bnr.5. Alver Kommune.**

Søker herved om dispensasjon frå Kommeplanen sin arealdel punkt 3.4.1, plan og bygningslova §11-7 nr 5 a -jamført PBL 19-2, i forhold til at området ligger som LNF i kommuneplanen. Tiltakshaver ønsker å få overført tilleggsareal fra Gnr 207 Brn 1 til Gnr 207 Brn 5.

**Redegjørelse fra eier av Gnr 207 Brn 5:**

Eg søker med dette om dispensasjon frå gjeldande arealbruk i Alver kommune. Eg ynskjer å utvide bustadeigedommen gnr.207 bnr.5. Den har i dag eit areal på 0,6da og eg ynskjer å utvide tomte slik at storleiken vert om lag 2,0da. Tillegget må delast frå gnr.207 bnr.1.

Begge eigedommane ligg i LNF område. Gnr.207 bnr.1 er ein landbrukseigedom med eit samla areal på 320da. Av dette er i alt 94,8da innmarksareal. Areala som eg ynskjer å dele frå er i gardskartet sett som beite. Ein liten flik på 0,2da nord for huset på 207/5 er i kartet sett som bygd areal.

Grunnen til at eg ynskjer dispensasjon til å gjere dette, er for det første at gnr.207 bnr.5 i dag er lita og det er trengt rundt huset. Det er vanskeleg å få plass til garasje og det er ikkje lett å opparbeide areala til å verte trivelege.

For det andre meiner eg at den avgrensinga som vert på 207/5 dersom eg får dispensasjon til deling, vil følgje terrenget på ein veldig god måte. No er tomte ein liten haug, men vert den utvida vil avgrensinga mot beita rundt bli betre og det vert lettare å halde vegetasjonen låg og ryddig.

Areala det gjeld ligg på Heggertveit i tidlegare Lindås kommune. I denne grenda er så godt som alle landbrukseigedommane i drift som leigejord og det er eg som driv.

Dette tyder at dei mest marginale landbruksareala er vanskeleg å halde i hevd. Områda rundt 207/5 er ei slik kantsone.

Det vil ikkje vere til ulempe for landbruksdrifta om noko beite vert lagd til bustadtomta. Utviding av tomta slik eg søker om, vil heller ikkje endre bruken av areala rundt. Det vil framleis vere beite. Det vert ikkje skapt nye kantsoner eller restareal som ingen kan nytte. Tilkomst både til landbruksareala og til bustadtomta vert uendra. I og med at huset alt står der vil ein litt større tomt heller ikkje endre kulturlandskapet.

Det skal ikkje byggast noko nytt hus på staden og på den måten vert heller ikkje talet på bustadeiningar på staden endra.

På den bakgrunnen som er synt over, håper eg at Alver kommune kan gje dispensasjon frå gjeldande arealplan og gje løyve til å omdisponere frå beite til bustadtomt eit areal på mellom 1,5 og 2,0da. Korleis den nye grensa kan trekkast er eg villig til å diskutere med kommunen.

Syner elles til vedlagd søknadsskjema signert av tiltakshavar, situasjonskart samt kopi av nabovarsel.

Mvh  
Odd Rune Heggertveit

Med vennlig hilsen  
for **Reknes Byggjevarer LL**



*Nilsen Beathe*  
**REKNES  
BYGGJEVARER L L**  
Masfjordvegen 187, 5986 Hosteland - Tlf: 56 16 60 60 - firmapost@rbl.no